



Sandnes barnehage



Nordbygda barnehage



BARNEHAGANE I MASFJORDEN KOMMUNE



Indre Masfjorden barnehage

ÅRSPLAN 2010-2011 FOR INDRE MASFJORDEN BARNEHAGE

INNHALD:

1. **FELLES FOR BARNEHAGANE I MASFJORDEN KOMMUNE**
2. SATSINGSOMRÅDE FOR BARNEHAGANE I MASFJORDEN 2010-2013
3. EIN GOD START OG AVSLUTNING PÅ DAGEN
 - Slik tenker og handlar dei vaksne i barnehagane i Masfjorden når dei skaper stjernestunder i garderoben.
4. VURDERING
5. MÅL FOR BARNA SITT UTBYTTE AV OPPHALDET I BARNEHAGEN
 - ***Bra mat i barnehagen***
 - ***Bruk av bilete frå barnehage-kvardagen***
6. KORLEIS BARNEHAGANE JOBBAR MED OMSORG, LEIK OG LÆRING

SPESIELL DEL FOR KVAR EINSKILD BARNEHAGE;

- Mål, satsingsområda , barn sin medverknad
- Vi har fokus på :
 - OMSORG
 - OPPSEDING
 - LEIK
 - LÆRING
- Planlegging - dokumentasjon – vurdering
- Tydelege vaksne:
 - Mål
 - TEMA : Gode beskjedar
- Progresjonsplanar
- Dei 7 fagområda
- **BAMSEBU**
 - ***Livet i sjø og vatn***
 - ***Språkstimulering***
- **REVEHIET**
 - ***Livet i sjø og vatn***
 - ***Språkstimulering***

- TREET – ein arbeids-og dokumentasjonsmetode
- TRADISJONAR gjennom eit år i barnehagen
- Samarbeid mellom barnehage og skule Matre oppvekstområde 2010-2011

1. FELLES FOR BARNEHAGANE I MASFJORDEN KOMMUNE.

Den innleiande delen i årsplanen er lik for alle 3 barnehagane .

Utgangspunktet for innhaldet i denne delen er ; Lov om barnehagar, Rammeplan for barnehage og Barnehageplan for Masfjorden kommune sine barnehagar for perioden 2010-2011.

Kvar barnehage har sin spesielle del der dei konkretiserer mål, innhald og arbeidsmåtar.

Dette er årsplanen for Indre Masfjorden barnehage 2010-2011.



Lov om barnehagar § 1 Formål :

”Samfunnsmandatet til barnehagen er å tilby barn under opplæringspliktig alder eit omsorgs- og læringsmiljø som er til beste for barna. Barnehagen skal både vere ei pedagogisk verksemd og eit velferdstilbod for småbarnsforeldre.”



BARNEHAGANE SINE SATSINGSOMRÅDE 2010-2011:

MÅL: Å gje eit likeverdig tilbod for alle barnehageborn i Masfjorden kommune.
(Jfr. Rammeplan og Oppvekstplanen for Masfjorden kommune)

Det betyr at:

- Barnehagane har felles satsingsområder
- Det er utarbeida fellesmal for årsplan
- Det er 4 pedagogiske leiarsamlingar og 2 pedagogsamlingar i året, der ein arbeider på tvers med å vidareutvikla innhaldet og kvaliteten i barnehagetilbodet
- Det er 2 felles planleggingsdagar i året der alle barnehagetilsette deltek med fokus på felles satsingsområder
- Me har styrarar som samarbeider
- Me har lik mal for planlegging av aktivitetar
- Me har ein vedlikehaldsplan der dei fysiske tilhøva iløpet av perioden vert utbetra
- Iløpet av perioden har me tilstrekkelig med pedagogisk læremiddel i alle barnehagane
- Me har felles vedtekter
- Me har felles bemanningsnorm
- Me har 1 førskulelærer i avdeling , i alle 3 barnehagane (styrka pedagogtetttheit)
- Me har utarbeida opplegg for overgang barnehage-skule i alle oppvekstområda

Delmål: Kvar einskild barnehage tilpassar innhaldet i barnehagekvardagen utifrå lokale tilhøve.

Felles administrasjon for alle 3 barnehagane;

- Samla merkantile oppgåver i ei 40% stilling som kontormedarbeidar
- Styrarteam med 2 styrarar : Anita Solheim og Inger Marie Duesund

Vi fylgjer opp arbeidet frå i fjor, og med utgangspunkt i tilbakemeldingane frå foreldre i alle barnehagane våren 2010, er dette målsetjingane for barnehageåret 2010-2011:

1. UTELIV

Mål:

Kvart barn skal oppleve glede, trivsel og meistring ved det å vera ute i naturen

- Tema : Livet i sjø og vatn, fiskesprell

2. SPRÅKSTIMULERING

Mål:

Barnehagen skal syte for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som redskap for tenkning og som uttrykk for egne tankar og følelsar.

- **Metodar me nyttar for å nå målet :**
 - Systematisk arbeid med språkleg medvit

3. TYDELEGE VAKSNE

Mål:

Tydelege vaksne gjev trygge barn


- **Metodar me nyttar for å nå målet:**
 - Fortsetje samarbeidet med Kjell Stien – rettleiar frå PPT på barns adferd/foreldrerådgeving
 - Fokus på dei gode beskjedane i barnehagen
 - Systematiske skriftlege observasjonar av kvarandre i kvardagen
 - Stilla spørsmål til praksis hjå den einskilde medarbeidar – dette for å læra av kvarandre og på denne måten skapa personleg utvikling

4. SAMARBEID MED SKULEN

Mål:

Sikre ein god overgang til skulen for alle barnehagebarn

- **Metodar vi nyttar for å nå målet:**
 - Å førebu overgangen mellom barnehage og skule i god tid
 - Her lagar kvart oppvekstområde eigen årsplan for samarbeidet kvart år
 - Faste samarbeidsmøter mellom barnehage og skule ein time i veka
 - Overgangssamtalar i mai/juni



Ein god start og avslutning på dagen

Slik tenker og handlar dei vaksne i barnehagane i Masfjorden når dei skaper stjernestunder i garderoben:

	Bringing:	Henting:
KVA	KORLEIS	KORLEIS
Fokus på barnet	<ul style="list-style-type: none"> • Personalet smiler, seier hei/ god morgon og brukar namn; Eks Hei Petter • Personalet set seg ned på benken, dette for å komma på høgd med barna. • Snakka med barna 	<ul style="list-style-type: none"> • personalet smiler seier hei til foreldra og fortel/ viser kvar barnet er.
Avskjed	<ul style="list-style-type: none"> • I utgangspunktet skjer avskjeden i garderoben, dersom avskjeden er vanskelig gjev personalet foreldra alternativ for å løysa situasjonen: Døme <ul style="list-style-type: none"> ▪ barnet gå i glaset og vinka. 	<ul style="list-style-type: none"> • I utgangspunktet skjer avskjeden ute eller i garderoben, dersom avskjeden er vanskeleg gjev personalet foreldra alternativ for å løsa situasjonen: Døme: <ul style="list-style-type: none"> ▪ Stadfeste til barnet at det skal heim, sei at me kan leika

	<ul style="list-style-type: none"> ▪ foreldra stå i gangen å venta til til ein høyrer at barnet roar seg. ▪ Foreldra går, og so ringe for å høyra korleis det går. <ul style="list-style-type: none"> • For å markera overgangen til barnehagen er det viktig at foreldra seier ”hadet” til barnet sitt når dei går. 	<p>vidare i morgo.</p> <ul style="list-style-type: none"> ▪ Hjelpa til med påkleding, praktiske ting. ▪ Sei at no skal alle heim. <ul style="list-style-type: none"> • Seia ”hadet” med namn, og takk for i dag.
Informasjon	<ul style="list-style-type: none"> • Ta imot informasjon som gjeld barna og syte for at det kjem til rett person. 	<ul style="list-style-type: none"> • Dersom barnet ikkje sjølv fortel om dagens hendingar, fortel personalet. Med fokus på gode opplevingar barnet har hatt i løpet av dagen. • Informasjonstavla og bilete

1. VURDERING:

Brukarundersøkinga blant foreldra er ein del av vurderingsarbeidet i barnehagen.

Me gjennomfører brukarundersøking blant foreldra i barnehagane kvar vår, og på denne måten ;

- Informasjon til foreldre i januar/februar
- Gjennomføring av undersøkelsen i februar/mars
- Bearbeiding av data i lag med foreldrerepresentantane i mars/april
- Tilbakemelding til alle foreldre i mai/juni
- Utarbeida handlingsplan i juni/juli

Kvaliteten i det daglege samspelet mellom menneska i barnehagen er ein av dei viktigaste forutsetningane for barn si utvikling og læring.

Barnegruppa og det einskilde barnet sin trivsel og utvikling skal difor observerast og vurderast fortløpande.

Oppmerksomheita må både rettast mot samspelet barna imellom, mellom barna og personalet og mellom barnehagens tilsette.

Barnehagens arbeid skal vurderast, det vil seia beskrivast, analyserast og fortolkast i høve til kriterie gjeve i barnehagelova, rammeplanen og eventuelle lokale retningslinjer og planar.

Barnehagane har utarbeida eigen årsplan for vurdering av innhaldet i barnehagane.



2. MÅL FOR BARNA SITT UTBYTTE AV OPPHALDET .

Lov om barnehagar § 1 del II ;

”Innhaldet i barnehagen skal vera allsidig og variert, og det skal utformast slik at kvart enkelt barn får opplevingar og erfaringar som støttar utviklinga av kunnskap, evner og haldningar. Samtidig skal innhaldet støtte språkleg og sosial kompetanse gjennom felles opplevingar og samvær.

Barn bør få oppleve at digitale verktøy kan vera ei kilde til leik, kommunikasjon og kunnskapsinnhenting. Ein må sjå arbeidsmåtane og innhaldet i samanheng. Arbeidsformene må støtte det nysgjerrige, kreative og lærevillige hos barna. Personalet må lytte når barna undrar og søker kunnskap.

Barn skal ha stor fridom til å velge aktivitetar. Å finne den rette balansen mellom barneinitierte og vaksenleide aktivitetar er ei utfordring.

Barnehagen skal sjå omsorg og oppseding, leik, læring og sosial og språkleg kompetanse i samanheng.

Barnehagen skal vera ein kulturarena der barnet er medskapar av sin eigen kultur. Alt dette er ein del av innhaldet i barnehagen, og ein må sjå på det som del av ein samanvoven og kompleks heilskap.

For å lette planlegginga av eit variert og allsidig pedagogisk barnehagetilbod, er barnehagens innhald delt inn i sju fagområde som er sentrale for oppleving, utforskning og læring. Desse områda er i stor grad dei same som barna seinare møter som fag i skulen. Gode opplevingar, erfaringar og læring innanfor desse områda i barnehagen kan gi barna eit positivt forhold til faga og motivasjon til å læra meir.”

Lov om barnehagar finn du på denne nettadressa:

<http://w,ww.regjeringen.no/nb/dep/kd/sok.html?quicksearch=lov+om+barnehager>

- **Bra mat i barnehagen**

Barnehagane brukar Helsedirektoratet sitt veiledningshefte ”Bra mat i barnehagen” som utgangspunkt når vi legg til rette for dei ulike måltida .

Barnehagen har eit ansvar for å leggja til rette for måltid som fremjar helse. Den skal bidra til at barna får gode vanar når det gjeld kosthald. Barnehagen er ein arena kor barn på ein naturleg måte kan tileigne seg kunnskapar og gode haldningar når det gjeld mat, måltid og hygiene.



- **Bruk av bilete frå barnehage-kvardagen**

Barnehagane brukar Datatilsynet sitt veiledningshefte ”I beste mening” som utgangspunkt når vi vel ut bilete til bruk som dokumentasjon, både internt og eksternt.

Barneombodet sine råd :

Still deg fylgjande spørsmål før du publiserer bileta – anten det er privat, i barnehagen eller på skulen;

- Kva skal bilete fortelje?
- Kva er hensikten med det?
- Fortel bilete noko vi ynskjer andre skal vite, eller andre treng å vite ?
- Er dette eit hyggeleg bilete som vedkomande vil like å sjå att om 10 år ?
- Ville eg ha lagt ut bilete av ein vaksen i same situasjon ?
- Ville eg ha publisert bilete dersom det var mitt eige barn som var avbilda ?
- Er dette ein god presentasjon av skulen/barnehagen – framstår vi slik vi ynskjer ?

3. **KORLEIS BARNEHAGANE JOBBAR MED OMSORG,LEIK OG LÆRING. (Rammeplanen s. 25-27).**

”Omsorg skal prege alle situasjonane i kvardagslivet og komme til uttrykk når barna leiker og lærer, i stell, måltid og påkledning. Omsorg har verdi i seg sjølv.”

”Oppseding er ein prosess der vaksne leier og rettleier den neste generasjonen. Gjennom oppsedinga blir verdiar, normer, tankar og uttrykks-og handlingsmåter overførte.”

”Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/lover_regler/reglement/2006/rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-opp.htmlaktiviteter i trygge og samtidig utfordrende omgivelser”(Barnehagelova § 2).

”Barnehagen skal gi barn grunnleggende kunnskap på sentrale og aktuelle områder. Barnehagen skal støtte barns nysjerrighet , kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter.” (Barnehagelova § 2)

Rammeplan for barnehagen finn du på denne nettadressa:

http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/lover_regler/reglement/2006/rammeplan-for-barnehagens-innhold-og-opp.html



Masfjorden kommune





Revehiet



Bamsebu

SPESIELL DEL INDRE MASFJORDEN BARNEHAGE 2010- 2011

MÅL:

- At barna er trygge og trivst
- At barna lukkast i sosialt samspel på tvers av alder

SATSINGSOMRÅDA:

- **Tydelege vaksne**
 - Gode beskjedar
- **Uteliv**
 - Livet i sjø og vatn
 - Leik
- **Språkstimulering**
 - Språkgrupper
 - Leik
- **Sosialt samspel**
 - Steg for Steg
 - Leik
- **Samarbeid mellom barnehage og skule**
 - Leik
 - Årsplanen

BARN SIN MEDVERKNAD:

I arbeidet vårt med barn sin medverknad har vi fokus på å vera merksame på borna sine utsegn, deira forteljingar, deira interesser og deira ynskje. Dette gjer vi gjennom å vera merksame på enkeltborn, og vidare støtta og utfordra barna til vidare meistring.

Dette er eit utgangspunkt for både formelle og uformelle aktivitetar. Med formelle aktivitetar meiner vi aktivitetar som er strukturerte, har klare mål og som er planlagde. Uformelle aktivitetar er ikkje planlagde, men oppstår meir spontant. Det kan vera samtalar og kvardagssituasjonar.

I formelle aktivitetar vil barna i vår barnehage oppleve medverknad på denne måten:

- I samlingsstund.
 - ✓ Barna får velja sangar og leikar
- På tur
 - ✓ Barna får vera med å seia noko om kor dei ynskjer å gå på tur.
 - ✓ Dei vaksne er lydhøre når barna oppdagar noko på turen som dei vil sjå nærare på.
- Bursdagsfeiring
 - ✓ Dei barna som er store nok får velja kva meny dei ynskjer på bursdagsfeiringa si.
 - ✓ Foreldra til dei yngste barna vert spurt om kva mat barnet likar, og dette er utgangspunktet for val av meny.
- Velje grupper.
 - ✓ På Revehiet er det veljedag ein dag i veka. Denne dagen får barna velja mellom tre aktivitetar i gruppetida.

Vi har fokus på OMSORG:

- Gjennom å gi barna tryggleik
- Vise omsorg gjennom å lytte, i nærleik, med innleving og gjennom samspel
- Omsorg i barnehagen handlar om relasjonen mellom den vaksne og barnet, og omsorgen barna viser kvarandre

Vi har fokus på OPPSEDING:

- Gjennom å vera tydelege vaksne
- Me ynskjer å vidareføre gode haldningar, verdiar, normer og handlings-og uttrykksmåtar

Vi har fokus på LEIK:

- Ved å gje leiken gode vilkår ved praktisk tilrettelegging, plass, tid og variert utstyr
- Gje høve til allsidig leik i aldersblanda grupper
- Vaksne som aktive og tydelege rollemodellar
- Leik er læring på ulike plan

Vi har fokus på LÆRING:

- Læring gjennom lek og aktivitetar både ute og inne
- Bevisste vaksne som tek i bruk kvardagssituasjonane til å undre seg ilag med barnet/barna
- Stimulere nysjerrigheita og undringa som er naturleg for barn

PLANLEGGJING – DOKUMENTASJON - VURDERING

Planleggjing:

- Alle i personalet har planleggingstid der dei utifrå Rammeplan og Årsplan skal tilrettelegga for gruppeaktivitetar. Dei skal og utføra andre oppgåver dei blir pålagde, som for eksempel observasjon av einskildbarn, fagleg utvikling gjennom å lese fagstoff
- Når ein planlegg gruppeaktivitetane vert det nytta planleggings skjema. Skjemaet har felt for mål, innhald og metode (kva, kvifor og korleis) og vurdering. Vurderinga fyller den som har gjennomført aktiviteten ut i etterkant. På denne måten får vi den planlagte gruppeaktiviteten vurdert etterkvart.

Dokumentasjon:

1. Ved planlegging skjema.

- a. Beskriving av mål , innhald og metode for den enkelte aktivitet.

2. Ved bilete

- a. Bilete vert hengt opp slik at born og foreldre kan sjå i garderoben og på TREET på veggen på Revehiet.

- b. TREET på veggen er ei konkretisering av rammeplanen der bileta vert hengt opp i høve til det fagområdet det høyrer til (ofte dekkar eit bilde fleire fagområder).

3. Permane til barna.

- a. Når me tek bileta ned frå veggen vert dei lagt inn i borna sine permar. I vår barnehage har kvart born har sin perm som inneheld bilete, enkelte formingsuttrykk, eventuelt spesielle songar/forteljingar som barnet er oppteke av og gullkorn barnet har komme med iløpet av barnehagetida si.

4. Utstillingar av borna sine arbeid.

- a. Me heng opp på avdeling det barna lagar i gruppene eller andre tilrettelagde aktivitetar.

Vurdering:

Vurderingsarbeidet vårt vert gjort på fylgjande måte, og i desse fora ;

- Planleggingsskjema
 - a. Vurderinga som er gjort på skjema dannar utgangspunkt for tilbakemelding til foreldre på 14-dagarsplan.
- Ved førebuing til foreldresamtalar
- Pedagogiske leiarmøter
- Avdelingsmøter
- Personalmøter
- Observasjonar – TRAS (Tidleg Registrering Av Språkutvikling), MIO og ”Alle Med”

Det er utarbeidd eigen årsplan for dei områda som skal vurderast dette barnehageåret

Tydelege vaksne
Mål: Tydelege vaksne
gjer trygge barn

Tema:

Gode beskjedar

*Kjenneteikn ved gode
beskjedar:*

- * *Vær fysisk nær*
- * *Ha augekontakt*
- * *Vær så konkret som
mogeleg*
- * *Vær venleg, men likevel
bestemt/myndig*
- * *Vær tydeleg og bruk få og
enkle ord*
- * *Følg opp beskjeden til
barnet gjennomfører*
- * *Unngå argumentering*
- * *Velg rett tidspunkt*
- * *Gje beskjeden direkte*
- * *Unngå spørsmål*

Innhald:

- * Systematiske skriftlege
observasjonar av kvarandre
i kvardagen.
- * Stilla spørsmål til praksis
hjá den enkelte
medarbeidar - dette for å
læra av kvarandre og på
denne måten skapa
personleg utvikling.

Arbeidsmåtar:

- * Gje gode beskjedar til
barna ut frå "kva
kjenneteiknar ein god
beskjedar?"
- * Fokus på dei gode
beskjedane vi gjev
- * Kurs og rettleiing ved Kjell
Stien frå PPT

Evaluering/
dokumentasjon:

- * Skjema for registrering av
beskjedar
- * Gjennomgang av skjema
for registrering av
beskjedar på
avdelingsmøta


PROGRESJONSPLANAR

I Rammeplan for barnehagen er det 7 fagområde som vi i barnehagen skal arbeida etter. Desse er :

- Kommunikasjon, språk og tekst
- Kropp, rørsle og helse
- Kunst, kultur og kreativitet
- Natur, miljø og teknikk
- Etikk, religion og filosofi
- Nærmiljø og samfunn
- Tal, rom og form

Rammeplanen seier vidare : “Korleis fagområda blir tilpassa interessene til det enkelte barnet, gruppa og det lokale samfunnet, skal avgjerast i den enkelte barnehagen og nedfellast i årsplanen til barnehagen. Her må progresjon òg tydleggjerast.”

Med utgangspunkt i dette har vi laga fylgjande progresjonsplanar for dei ulike fagområda :



☒ **Korleis vi brukar dei 7 fagområda opp mot 1 års gruppa:**

Kommunikasjon, språk og tekst:

- At dei vaksne lytter og gjev respons på det barna uttrykkjer, ved hjelp av kroppsspråk og ord.
- At dei vaksne set namn på det barna er opptekne av, for å utvikle begrepsforståinga og ordproduksjonen til barna.
- Synge sangar med teikn og sangkort
- Lese enkle biletbøker og bøker med enkel tekst.
- Fortelje enkle eventyr
- Bruke kvardagssituasjonar som ein læringsarena i språkutviklinga til barna

Kropp, rørsle og helse:

- Organisere kvardagen slik at det er veksling mellom perioder med ro, aktivitet, måltid og soving.
- Hjelpa å gje dei val mellom finmotoriske og grovmotoriske aktiviteter inne.
- Hjelpa dei til variert aktivitet ute på leikeplassen. Disse, skli, leik i sandkassen og etterkvart til å lære å sykle på trehjulsykel. Klatre, hoppe og springe
- Gå i gymsalen. Trille, kaste og sparke ball, hoppe på tjukkassen og bevege seg fritt. Organisert aktivitet.
- Vask av hender når ein kjem i barnehagen, før måltid, etter toelett besøk og elles ved behov.
- Stell etter mat på formiddag og ettermiddag, og elles etter behov.

Kunst, kultur og kreativitet:

- Sansse med fingermaling
- Teikning.
- Lytte til musikk.
- Danse.
- Lage gaver ved høgtider.
- Fortelle eventyr med figurar som hjelp til å lære eventyr i tidleg alder.

Natur, miljø og teknikk:

- Gå på småturar i nærmiljøet.
- Være nyfrikne og setje ord på det me ser og det barna er opptekne av
- Være ute i ulikt vær og snakke om at det er sol, regn eller snø.
- Verta kjent med den interaktive tavla

Etikk, religion og filosofi:


- Være opptatt av og fokusere på at me skal vise empati for kvarandre
- Gunvor har samling med oss ein gang kvar månad og fortel historie og syng med oss.
- Undre oss over kva som skjer i naturen til ulike årstider

Nærmiljø og samfunn:

- Vi går nissemarsj og Luciatog på Havbruksstasjonen, BKK og Einekavane.
- Bruk av gymsal, bibliotek og skuleplassen
- Turar i nærmiljøet

Tal, rom og form:

- Vi fokuserer på likskap eller ulikskap, storleikar og tel i kvardag og i aktivitetar.



⌘ Korleis vi brukar dei 7 fagområda opp mot 2 og 3 års gruppa:

Kommunikasjon, språk og tekst:

- Vi jobbar aktivt med språk og språkutvikling i gruppe tida gjennom aktivitet og leik
 - sansse leik(ha ulike gjenstandar i pose.) finne ut og sei kva som er i posen utan å sjå, omgrep, hardt, mjukt, rundt, kaldt, varmt osv
 - Kims leik (hukommelse, kva gjenstandar trylla me vekk med teppet?)
 - Øve på preposisjonar (oppå, under, framfor, bak, ved sida)
 - Øve på fargane.
- Rim og regler
- Lesa bøker og enkle eventyr

Kropp, røyrslø og helse:

- Organisere kvardagen slik at det er veksling mellom periodar med rolig leik, aktivitet og måltid.
- Hjelp dei til val av finmotoriske aktiviteter
- Legge til rette for aktivitet ute på leikeplassen, sykle på trehjulssykkel, lære å lage fart på dissa sjølv, skli, rolleleik ute, samarbeid i sandkassen
- Gå i gymsalen: sparke ball, balanse trening, sangleika m.m
- Vask av hender når ein kjem i barnehagen, før måltid og etter toalettbesøk

Kunst, kultur og kreativitet:

- Bli kreative gjennom ulike formingsaktiviteter.
- Teikne,
- Lytte til musikk og lage musikk
- Danse
- Lage gåver til ulike merkedagar
- Dramatisere eventyr
- Lære enkle barneleikar, (vidareføring av norsk barnekultur)

Natur, miljø og teknikk:

- Ha utedag. Målet vårt er å komme på Sæten dette barnehageåret.
- Stoppe opp når me ser noko spennande og utforske
- Sjå på værphenomen. Vind, regnboge, fryse vatn til is o.l
- Bruka den interaktive tavla

Etikk, religion og filosofi:


- Hjelp barna til å finne konstruktive løysingar. Være gode førbilete og gje barna støtte i sin identitet og til å ha respekt for kvarandre.
- Gje barna kjennskap til tradisjonar som er knytta høgtider, og forteljing knytta til dette.
- Gunvor har samling med forteljing frå bibelen og sang.

Nærmiljø og samfunn:

- Vi går nissemarsj og Luciatog på Havbruksstasjonen, BKK og Einekavane.
- Turar i nærmiljøet
- Bruke skulen og biblioteket

Tal, rom og form:

- Resonnera og undre oss om likskap, ulikskap, størrelse og antal
- Sørgje for at barn har tilgang til og bruker ulike spel, teljemateriell, pusler, få dekke bord, måle høgde, sjå at me måler opp og hjelpe oss når me baker osv



α **Korleis vi brukar dei 7 fagområda opp mot 4 års gruppa:**

Kommunikasjon, språk og tekst:

- *Høgtlesing
- *Rom for gode samtalar i kvardagssituasjonar og gruppetid
- *Rim, regler og rytmeleikar
- *Dramatisere eventyr
- *Aktivitatar med tal, former, fargar, omgrep
- *Språkleik

Kropp, rørsle og helse:

- *Turdag
- *Gymsal
- *Ha sunne matvanar i barnehagen, og samtale om sunne matvanar
- *Rørslesongar og dans
- *Tilrettelegge for kroppsleg leik og meistring av kroppslege utfordringar
- *Sansleikar
- *Motoriske aktivitatar og leikar – både fin, og grovmotorisk

Kunst, kultur og kreativitet:

- *Dramatisere eventyr
- *Skape eigen kunst ved hjelp av ulike teknikkar og materiale
- *Markere høgtider
- *Formidle norsk kulturarv og tradisjonar

Natur, miljø og teknikk:

- *Vera ute, både i barnehagen og nærmiljøet
- *Gjera barna merksame på endringar i naturen i dei ulike årstidene
- *Lære å ta omsyn, og ta vare på naturen
- *Hagearbeid – plante og hauste
- *Leik med konstruksjonsleikar t.d duplo, lego, bygge med puter.
- *Bruka skogen, fjøra og nærmiljøet elles til å utforske planter, fisk, insekt og dyr
- *Bruka den interaktive tavla

Etikk, religion og filosofi:


- *Gi rom for undring, samtale og tenking rundt ulike spørsmål
- *Aktiviteter knytt opp mot andre kulturar og menneskjer frå andre land
- *Markere jul og påske
- *Vaksne som er tilstade for å støtte barna i det sosiale samspelet
- *Steg for steg samling

Nærmiljø og samfunn:

- *Bruke nærmiljøet til turar
- *Besøke biblioteket, skule og bedrifter i nærmiljøet
- *Markera samenes dag

Tal, rom og form:

- *Bevisste vaksne som brukar kvardagssituasjonar til å leike/arbeide med matematiske omgrep
- *Undre seg ilag med barna på korleis ting heng saman
- *Tilretteleggje for eksperimentering, spel, aktivitatar og leik knytta til matematiske omgrep
- *Bli kjent med matte-meisa



⌘ **Korleis vi brukar dei 7 fagområda opp mot 5 års gruppa:**

Kommunikasjon, språk og tekst:

- Høgtlesing
- Rom for gode samtalar i kvardagssituasjonar og gruppetid
- Samtalar om felles opplevingar
- Lyttetrening, lytta til kva andre fortel
- Høyre etter, forstå og utføre beskjedar
- Rim, regler og rytmeleikar
- Laga rim
- Laga eigne forteljingar, og illustrere ved hjelp av foto
- Eksperimentera og leika med ord og bokstavar
- Læra nye songar
- Språkleik samlingar

Kropp, rørsle og helse:

- Skrivdansen – grov- og finmotoriske øvingar, teikning til musikk
- Alltid veksle mellom ro og aktivitet i gruppetida
- Utedag kvar veke
- Gymsal kvar veke
- Ha sunne matvanar i barnehagen, og samtale om sunne matvaner
- Tema om kroppen, og korleis vi ser ut inni, likheiter og ulikheiter på utsida
- Vera mykje ute
- Legge til rette for kroppsleg leik og meistring av kroppslege utfordringar
- Leikar som stimulerer sansane

Kunst, kultur og kreativitet:

- Lytte til- og lage musikk
- Dramatisering av eventyr
- Laga eigne ”dramastykker”
- Delta på førestillingar og konsertar som måtte komme
- Bruke biblioteket – sjå i kunstbøker
- Skapa eigen kunst ved hjelp av ulike teknikkar og materiale
- Høgtlesing
- Gå på tur i nærmiljøet for å sjå på ulike hus – arkitektur og teikna ”mitt” hus
- Markera høgtider
- Halde på tradisjonar som er i barnehagen

Natur miljø og teknikk:

- Vera mykje ute, i og utanfor barnehagen
- Gjera barna merksame på endringar i naturen i dei ulike årstidene
- Finna på leikar og aktivitetar som gjer at barna blir glad i å vere ute
- Læra å ta omsyn, og ta vare på naturen
- Bruke skogen, fjøra og nærmiljøet elles til å utforske planter, dyr, fisk og insekt
- Plante og hauste
- Leika med tekniske konstruksjonsleikar, og bruke diverse utstyr som fiskeutstyr, hushaldningsartiklar, toving osv. Undra seg over korleis ting verkar
- Bruka den interaktive tavla

Etikk, religion og filosofi:

- Gi rom for undring, samtale og tenking rundt grunnleggande spørsmål, både i gruppetid og elles iløpet av dagen
- Samtala om ulike kulturar, og menneskjer som kjem frå andre land: nytte internett og bøker som informasjonskjelde
- Markere jul og påske
- Vaksne som er tilstades for å støtte barna til å takle konflikhtar
- Steg for steg samling


Nærmiljø og samfunn:

- Barna vera med å bestemme innhaldet i gruppene
- Erfara og lære å akseptera at ein ikkje alltid kan få det slik ein vil
- Besøka bibliotek, skule, sfo og bedrifter i nærmiljøet
- Bruka internett som informasjonskjelde
- Besøke sjukeheimen med pepperkakehus

Tal, rom og form:

- Leika med tal og former
- Spela spel
- Bruke matematiske omgrep
- Utforske og lage mønster
- Sortera og samanlikne størrelsar, former og mengder
- Måla og vega
- Orienteringsleikar ute og inne
- Bruke mattemeisa

Årsplan for Bamsebu, barnehageåret 2010/2011



Språkstimulering

Mål:

Barnehagen skal syte for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjons-middel, som reiskap for tenkning og som uttrykk for eigne tankar og kjensler

Innhald:

- Lære oss songar, rim og regler
- Høyre kjende eventyr
- "Boka mi" som gjenstand for samtale barn/vaksen og barn/barn
- Medvit bruk av kvardagslege omgrep


Arbeidsmåtar:

- Samlingsstund med fokus på song, rim, regler og eventyr
- Samarbeid med foreldre i høve å få laga "Boka mi"
 - "Boka mi" heng lett tilgjengeleg for barna inne på avdelinga
- Dei vaksne namngjer kvardagslege ting; t.d pålegg, klesplagg, leikar

Evaluering og dokumentasjon:

- Evaluering på baksida av planen
 - Bruk av planleggingsskjema

ÅRSPLAN FOR REVEHIET 2010-2011



Språk

Mål:

Barnehagen skal syte for at alle barn får varierte og positive erfaringar med å bruke språket som kommunikasjonsmiddel, som redskap for tenking, og uttrykk for eigne tankar og kjensler

Kva:


Språkleik
Samtalar
Lage forteljingar
Teikn til tale
Rim og regler
Høgtlesing
Sang
Leik
Spel
Bruke digitale hjelpemiddel til å hente kunnskap og skape forteljingar
Lage film
Steg for steg


Korleis:

Gruppeaktivitetar
Samlingsstund kvar dag
Språksamling 3 gongar i veka
Her og no situasjonar
Gå på biblioteket
8. klasse lese for førskulen 1 gong i veka
Lage rolege stunder med rom for samtalar barn-barn og barn- vaksen

Evaluering/ dokumentasjon

Skriftleg planlegging og evaluering av aktivitetar på eige skjema
Avdelingsmøter kvar veke
Bilete på døra
Skrive på tavla i gangen kvar dag
Evaluering av forrige periode på baksida av 14. dagarsplanen
Personalmøter 1 gong i månaden
Foreldremøter 2 gonger i året
Foreldresamtalar 2 gongar i året





Treet – ein arbeids-og dokumentasjonsmetode

På ”Revehiet” har vi eit tre på veggen der vi heng opp bilete som vi tek i barnehagen.

Treet har ulike delar:

7 greiner, ei for kvart fagområde.

Stammen symboliserer språkleg og sosial kompetanse.

Røtene er barna, foreldre og personalet

Steinane symboliserer lovverk, budsjett, nærmiljø og andre ytre faktorar

Sola inneheld hovudmålsettingar for vår barnehage, og metodar vi brukar

Stjernene viser korleis personalet arbeider, og kva arena vi bruker for å nå våre mål

Skyene symboliserer eksterne samarbeidspartar, t.d. helsesøster

Korleis brukar vi treet:

Gjennom barnehagekvardagen tek vi bilete av situasjonar og aktivitetar som føregår i barnehagen. Bileta skriv vi ut og heng opp på treet saman med ein kommentar som seier noko om kva som føregår på bilete. Bileta blir hengt opp på den greina som høver til det som skjer på bilete.

Kvifor denne metoden:

Treet konkretiserer kva barnehagen skal innehalde, og dokumenterer korleis vi arbeider. Det gir òg god informasjon til foreldre og føresette om kva barna gjer på iløpet av barnehagedagen.



Tradisjonar – Fellesaktivitetar gjennom eit år i Indre Masfjorden barnehage

- Barnehagen har ein felles foreldrefrukost / foreldrecaffi i halvåret.
- Felles frukost kvar dag på Revehiet

OKTOBER / NOVEMBER

Solidaritetsaksjon

- Tema barn i andre land. – felles markering heile barnehagen med ein aksjonsdag, i samarbeid med skulen.
- Annankvart år i oddetals år.



DESEMBER

Pepperkakehus sjukeheimen

- Samarbeid mellom førskulegruppene i dei tre barnehagane i Masfjorden.
- Kvar barnehage lagar sitt pepperkakehus
- Ein av dei tre pedagogiske leiarane avtalar dag med aktiviteten på sjukeheimen.

Nissemarsj

- Alle barna går nissemarsj til bedrifter i nærmiljøet : Havforskninga og BKK 1 dag i desember.



Lucia

- Markerer denne dagen dersom den fell på ein barnehagedag
- Lucia-tog til Einekavane og trygdeboligane
- Et lussekattar når me kjem tilbake til barnehagen.



FEBRUAR / MARS

Solfest

- Feirar sola sin tilbakekomst til barnehagen
- Felles måltid og noko underhaldning. Kombinerast ofte med foreldrecaffi.
- Felles leikar på tvers av avdelingane



MAI

17. mai:

- Fellesdag med 17.mai tog, leikar og pølser.



JUNI

Sommarfest – avslutningsfest for 6-åringane

- Foreldra til 6-åringane arrangerer avslutningsfest ein ettermiddag før sommarferien.
- Grillar pølser, kaker, saft og ulike aktivitetar/leikar

Samarbeid mellom barnehage og skule. Årsplan for Matre oppvekstområde 2010-2011

Overordna målsetting:

Halde fram med, og vidareutvikle samarbeidet mellom dei ulike profesjonsgruppene rundt barna, slik at:

- barna er trygge både på fysiske omgjevnader, andre barn og dei vaksne rundt seg når dei byrjar i skulen
- det er god samanheng i opplæringsløpet til barna både når det gjeld
 - a) krav til sosiale ferdigheiter
 - b) arbeid med dei ulike fagområda
- barna har eit best mogleg grunnlag for å oppleve meistring vidare i skuleløpet og for å

fullføre vidaregåande skule

Satsingsfelt 10/11	Mål	Tiltak	Kva tid	Ansvar
Språk- utvikling og leseføre- buing	*Flest mogleg barn er klare og motiverte for å byrje å lære bokstavar når dei byrjar i skulen *Alle elevar kan lese og forstå innhaldet i enkle skjønnlitterære og faglege tekstar seinast ved slutten av 2. klasse Alle elevane få kjennskap til metoden tegn til tale.	Gå på biblioteket ca.kvar 3.veke og låna bøker, sjå i bøker, lesa bøker. Kjellaug/Janne lesa høgt. Nokre elevar i 8.klasse kjem bort i b.hg. annankvar veke. Elevane les til barna, fortel, dramatiserer m.m. er saman med b.hg.barna i leik. Tidene som høver best for b.hg. er kl.9.00. evt. etter kl.:13.00. Songar med teikn til	Heile året.	B.hg.
			Frå oktober Torsdagar kl.9.00	Norsklærer for 8.kl.
Sosial kompe- tanse	*Alle barn kan leike og samarbeide med dei andre i gruppa når dei byrjar på skulen *Alle kan ta imot felles- beskjedar - Kunne noko om korleis ein skal løyse og møte ulike sosiale situasjonar.	*Førskulebarna går i gymsalen ca.annankvar veke. Førskulebarna går i bassenget 1 gong i veka der dei har aktivitetar som fremjar tryggleik i vatn. Vaksne vera modell og støttespelar. 1.klasse på besøk til b.hg. 2 gongar før jul, og 3 gongar etter jul. Førskulen koma på besøk til skulen 3 gongar før jul og 3 gongar etter jul. Førskulen er med på utedag ca.kvar 3.torsdag. Førskulebarna går på besøk til SFO. SFO går på besøk til b.hg. Begge 3 gongar før jul og 3 gongar etter jul. Førskulebarna får ein fadder kvar frå 5.kl. Evt. er heile 5.kl. fadder for alle førskulebarna. Dette vert avklara frå år til år. Ein møtest ca. 3.kvar veke. Innhaldet kan vera at 5.klassingane les for førskulebarna, leika i lag, gå tur i lag, spela spel i	Heile året.	B.hg.
			Når bassenget er ope.	B.hg.
			Første gong 28.oktober Heile året.	Kontaktlærer og ped.leiar i b.hg.
			Heile året. Heile året.	Kontaktlærer og leiar i SFO. Kontaktlærer for 5.kl. og ped.leiar.

		<p>lag, eta saman. Kontaktlærer og førskulelærer bestemmer innholdet. Etter skulestart har ein 1 møte. Etter nyttår 1.møte.</p> <p>Fadrane er med førskulebarna i friminutta når det er førskuleveke. Fadrane er saman med "nye" 1.kl. i ein skuletime på første førskuledag. Fadrane er saman med 1.kl. i friminutta når skulen tek til om hausten. Tenkja spesielt på dette første veka, så må ein sjå kva behovet er.</p> <p>Søsken av b.hg.barn som er på skulen får koma bort i b.hg. og delta på bursdagsfeiring.</p> <p>B.hg og skulen samarbeida gjennom temaveke kvart år. Annakvart år vert dette ein solidaritetsaksjon og annakvart valt tema.</p>	<p>Hausten</p> <p>Førskuleveka.</p> <p>Heile året.</p>	<p>Sep/januar</p> <p>Kontaktlærer for 5.kl. og 1.kl.</p> <p>B.hg.</p>
Motorisk utvikling	*Grov- og finmotoriske ferdigheiter som gjer elevane klare til å byrje systematisk lese- og skriveopplæring den hausten dei byrjar i 1. klasse	*Skrivedans * Leik - Utedag	-B.hage 1 økt kvar veke over 3 veker. 1 veka pause så nytt tema. *Skulen startar i sept. Har 3-4 økter kvar veke. Frå og med desember jobba me med vedlikehaldsøvingar. Jobbar vidare etter nyttår.	Ped.leiar Norsklærer i 1.og 2.kl.
Digital kompetanse	Få interaktiv tavle på skulen. Felles personalmøte skule/barnehage/SFO	*Kurs i bruk av interaktive tavler	B. hg	I løpet av skule/ barnehageåret

Barnehagen inviterer foreldre til overgangssamtale før skulestart. Dei som deltek er foreldre, pedagogisk leiar og kontaktlærer i 1.klasse.

Målet med denne samtalen er å gje foreldre muligheter for å informere skulen om sitt barn, barnehagen informerer om korleis barnet har det i barnehagen og skulen har muligheter for å spørje om det dei treng for å gje barnet den best moglege skuelstarten.



MASFJORDEN KOMMUNE

Indre Masfjorden barnehage
5984 MATREDAL
Styrar : Inger Marie Duesund
e-post; inger.marie.duesund@masfjorden.kommune.no
Tlf. 56166130

2 – avdelingar med totalt 34 plassar

Nordbygda barnehage
5986 HOSTELAND
Styrar: Anita Solheim og assisterande styrar Inger Marie Duesund
e-post : anita.solheim@masfjorden.kommune.no
Tlf. 56166430

3 – avdelingar med totalt 54 plassar

Sandnes barnehage
5981 MASFJORDNES
Styrar: Anita Solheim
e-post : anita.solheim@masfjorden.kommune.no
Tlf. 56166100

1 avdeling med totalt 18 plassar
Frå 01.01.11 2 avdelingar med totalt 24 plassar